



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs  
Telefon: 57643135  
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato  
26.06.2015  
Dykkar dato  
27.03.2015

Vår referanse  
2014/4654 - 561  
Dykkar referanse  
201106573-8, 200900318-11,  
2011011110-9, 201205014-11,  
201404142-8

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

## Fråsegn til fem søknader om småkraftverk i Luster kommune

Vi viser til oversendinga datert 27.3.2015.

Fylkesmannen har vurdert om fem nye småkraftprosjekt i Luster kommune kan råde kjende allmenne interesser. Alle prosjekta er planlagde i område med store verdiar innan naturmiljø eller landskap og friluftsliv. Vi meiner at Mordøla kraftverk kan realiserast med akseptable konsekvensar for allmenne interesser. Det må føresetjast at eit inntak nedanfor Mordølefossen kan etablerast med mist mogleg synlege inngrep i fosselandskapet, og at fosseenga ikkje vert neddemd. Miljøkartlegginga til søknaden om Kinsedal kraftverk er svært mangelfull, og naturtypar og artar i og ved tiltaksområdet bør undersøkast betre før det eventuelt kan gjevast konsesjon. Også søknaden om Kveken kraftverk er så mangelfull at det bør gjerast utfyllande miljøkartlegging. Vi rår difor frå desse to søknadene med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre no. Åselvi kraftverk og Rydøla kraftverk vil redusere vassføringa i fossar som er svært viktige landskapselement. Vi meiner dette får store negative konsekvensar for landskap, turisme og delvis friluftsliv, og vi rår difor sterkt frå at det vert gjeve konsesjon til dei to kraftverka.

Bakgrunn.....	1
Miljøvern fagleg vurdering .....	2
Samla vurdering .....	2
Kinsedal kraftverk.....	4
Kveken kraftverk .....	5
Mordøla kraftverk .....	7
Åselvi kraftverk.....	8
Rydøla kraftverk .....	10
Ureining, vasskvalitet og støy .....	12
Beredskapsfagleg vurdering.....	12
Landbruksfagleg vurdering.....	13

### Bakgrunn

NVE har sendt på høyring fem søknader om nye småkraftverk i Luster kommune. Om alle kraftverka vert bygde, vil vassføringa verte sterkt redusert over totalt 8,4 km elvestrekning. Vidare vil inntaksdammar, rørgater, kraftstasjonar, anleggsveggar og nye kraftliner føre til naturinngrep. Samla omfattar søknadene eit årleg produksjonspotensial på 71 GWh. Prosjekta kan bidra positivt til å oppnå målet om å auke produksjonen av fornybar energi med 26,4 TWh i Noreg og Sverige. For lokalsamfunna vil utbyggingane ha positiv

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

økonomisk verknad, på grunn av auka byggje- og anleggsaktivitet, og auka inntekter til grunneigarane og kommunane.

Prosjekt	Inntak (m.o.h)	Avlaup (m.o.h)	Slukeevne		Produksjo n (GWh/år)	Pris (kr/kWh)
			(% av middelvassf.)	Minstevassf.		
Kinsedal kraftverk	207	2	292	< 5-persentil	15,5	3,68
Kveken kraftverk	525	235	278	< 5-persentil	16,6	3,33
Mordøla kraftverk	380	17	243	Berre sommar	12,1	4,90
Åselvi kraftverk	650	15	200	5-persentilar	11,8	4,40
Rydøla kraftverk	575	35	251	> 5-persentil	14,9	3,85

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg også vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta. Fylkesmannen har vidare eit sektoransvar innan beredskap og landbruk.

### **Miljøvern fagleg vurdering**

Ved siste statusgjennomgang var 57 % av vasskraftpotensialet i Sogn og Fjordane utbygt eller konsesjonsgjeve til kraftproduksjon (NVE, 31.12.2012), og dei mest lønsame og dels dei minst konfliktfulle prosjekta er gjerne alt realiserte. Dei nye prosjekta er ofte konfliktfulle og fører i aukande grad til inngrep i verdifulle natur- og friluftsområde, eller kan vere uaktuelle på grunn av høge kostnader. Denne småkraftpakka viser nettopp dette; det er planlagt å utnytte vassdrag med svært store natur- og landskapsverdiar. Vidare er planlagt vassutnytting generelt høg, avbøtande minstevassføring generelt låg, og utbyggingsprisen er høg for fleire av prosjekta.

Det er dessverre vorte regelen heller enn unntaket at miljøundersøkingar i samband med småkraftutbygging vert gjennomført så seint på året at viktige moment i konsesjonsvurderinga ikkje kan verte tilfredsstillande klarlagde. Det har til dømes vorte ei standardformulering i slike miljøundersøkingar at dei «antar at strandsnipe og fossefall førekjem i vassdraget», og grunnen til at ein må nøye seg med å «anta» er at feltarbeidet er gjort etter (til dels lenge etter) hekkesesongen. Dette gjeld miljøundersøkingane for fire av dei fem småkraftsøknadane som er handsama her. Fleire av undersøkingane er gjort så seint at heller ikkje karplantefloraen er tilfredsstillande undersøkt. Dessverre vert desse manglane berre av og til omtalt når rapportane diskuterer kor godt datagrunnlag vurderingane er basert på. Kunnskapsgrunnlaget om naturtypar og naturmangfald i influensområda vurderer vi derfor som høgst variabelt, og for eitt av prosjekta som bortimot fråverande.

### **Samla vurdering**

To prosjekt er planlagde i vassdrag som er mykje påverka av kraftutbygging. Åselvi kraftverk vil utnytte eit av få attverande intakte sidevassdrag i Fortunsvassdraget, og Rydøla kraftverk vil byggje ut eit av få ikkje utbygde sidevassdrag i Jostedalsvassdraget. Kinsedalen kraftverk, Kveken kraftverk og Mordøla kraftverk er planlagde i vassdrag som munnar ut på austsida av Lustrafjorden. Dette er eit område som er lite påverka av vasskraftutbygging, men som ligg mellom Fortunsvassdraget og Årdalsvassdraget som begge i stor grad er bygde ut til vasskraftproduksjon.

#### *Landskap og friluftsliv*

Opplivinga av vassdrag og fossefall som renn naturleg er viktig for friluftinteressene, lokal

identitet og for turistar. Lustrafjorden ligg inst i Sognefjorden, som er ein av dei lengste fjordane i verda, og er eit internasjonalt kjent reiselivsmål. Det er også mange andre attraksjonar i området. Kwart år besøker eit stort tal turistar fjordbygdene, og er cruisekai i Skjolden. I år er det planlagt 18 besøk av cruiseskip til Skjolden. Dette tilseier ei varsam tilnærming til kraftprosjekt ved Lustrafjorden og dalføra som munnar ut i denne fjorden.

Av dei to vassdraga ved Lustrafjorden som er planlagt utbygde, er det særleg Mordølefossen som er viktig for landskapet. Det er teke omsyn til verdien av fossen ved å planleggje inntaket nedanfor fossen og ved å leggje vassvegen i tunnel. Det er viktig at inngrep knytt til inntaket og kratstasjonen ikkje vil øydeleggje opplevinga av fossen og resten av vassdraget. Dei to prosjekta i Kinsedalselvi har mindre konsekvensar for korleis vassdraget kan opplevast frå fjorden, men sjølve utlaupet av elva er godt synleg.

Åselvi kraftverk og Rydøla kraftverk vil redusere vassføringa i fossar som er viktige landskapselement på svært viktige turistveggar og innfartsveggar til nasjonalparker og viktige friluftsområde. Vi vurderer verdiane knytt til desse to fossane som så viktige, og konsekvensane for landskapsopplevinga som så store, at det ikkje bør gjevast konsesjon til dei to kraftverka.

#### *Naturtypar og raudlista artar*

Småkraftverk er ein viktig påverknadsfaktor for naturtypar som bekkekløfter og fossesprøytoner. For Sogn og Fjordane ligg det i Naturbasen føre data frå ei relativt ny, fylkesdekkande kartlegging av ulike meir eller mindre fuktkevjangande naturtypar (bekkekløft og bergvegg, fossesprøytoner, nordvendte kystberg og blokkmark, sørvendte berg og rasmark), der 26 nye lokalitetar vart avgrensa. Tal verdfulle, lite påverka lokalitetar er relativt lite samanlikna med det som kunne forventast ut frå naturgrunnlaget i fylket. Innanfor Luster kommune er det i Naturbasen registrert følgjande tal fuktkevjangande, "bekkekløft-liknande" naturtypar (miljøundersøkingane knytt til Luster-pakka er inkludert):

Bekkekløft og bergvegg:	6 (2 med verdi A og 4 med verdi B)
Fossesprøytoner:	4 (2 med verdi A, ein med verdi B og ein med C)
Nordvendte kystberg og blokkmark:	0

#### *Anadrom fisk og ål*

Noreg har eit spesielt internasjonalt ansvar for å oppretthalde levedyktige bestander av anadrome laksefisk. Leveområde for anadrom laksefisk har høg verdi, og det er viktig å ta vare på og eventuelt betre gyte- og oppveksttilhøva i vassdraga. Bestandane av laks og sjøaure er hardt pressa av fleire årsakar som påverkar desse artane i elve- og sjøfasen. Vasskraftutbygging på anadrom elvestrekning vil som regel redusere smoltproduksjonen, og skaden kan sjeldan avbøtast gjennom minstevassføringslepp eller andre tiltak. Dersom strekningar ovanfor vandringshinder for anadrom fisk vert bygt ut, vil det vere viktig å hindre at uføresette stans i kraftstasjonen fører til rask tørrlegging av elvebotn med påfølgjande fiskedaude. Slik skade kan reduserast ved å installere omlaupsventil i kraftstasjonen. Vidare er det viktig å hindre fiskedaude som følgje av gassovermetting i avlaupsvatnet frå kraftstasjonen.

Prosjekta i denne småkraftpakka vil i liten grad påverke anadrom fisk eller ål, men Åselvi kraftverk og Rydøla kraftverk kan få liten negativ konsekvens.

#### *Villrein*

Fire av kraftverka er planlagde i nærleiken av, men utanfor, Vest-Jotunheimen villreinområde (Åselvi kraftverk, Mordøla kraftverk, Kveken kraftverk og Kinsedal kraftverk). Moglege konsekvensar og avbøtande tiltak for villrein er vurdert av Villreinnemnda for Sogn og Fjordane, og vi viser til høyringsfråsegna til nemnda.

## Kinsedal kraftverk

Kinsedalen er ein frodig V-dal med rik og variert vegetasjon. Det er mykje gamal skog, som har innslag av store eksemplar av både furu, bjørk og osp. Naturmiljøet er den viktigaste allmenne interessa knytt til vassdraget.

Datagrunnlaget i miljøutgreiinga er basert på feltarbeid 24. oktober 2012. Tidspunktet er altfor seint til å få ei fullverdig kartlegging av vegetasjonen, og heilt ueigna til å registrere hekkefugl. Miljørapporten frå NNI tar opp dette i del 8 («Usikkerhet»), noko som i utgangspunktet er positivt, men vi meiner at manglane må vurderast som større enn det rapporten legg opp til. Til dømes vert skildringa av naturtypar gitt «*lav grad av usikkerhet*», sjølv om typeklassifisering og verdivurdering av naturtypar i stor grad er avhengig av botaniske artsførekomstar – som ein for karplantane sin del ikkje kan få eit godt bilete av seint i oktober. Når det gjeld dei botaniske artsførekomstane er desse gjeve «*middels usikkerhet*», noko vi ikkje kan sjå at det er grunnlag for med ei ein-dags undersøking i oktober. Ut frå det som kjem fram i rapporten meiner vi at «*stor usikkerhet*» er ein meir dekkande karakteristikk. Når det gjeld zoologiske førekomstar, er desse vurdert i rapporten til å ha «*stor usikkerhet*». Vi deler denne vurderinga, ettersom dette temaet ikkje er undersøkt, og vi meiner at miljørapporten totalt sett ikkje gjev eit tilfredsstillande bilete av naturverdiane i området. Det same gjeld då naturleg nok også for konsekvensvurderingane av tiltaket.

Like sør for Kinsedal, frå Lindegjeli og sørover, ligg eit stort område med kalkskog, kartlagt som viktig naturtype i Naturbasen, med verdi A (ikkje B, slik det står i miljørapporten). Lokaliteten har eit rikt artsmangfald, med ni påviste raudlisteartar av karplantar og sopp. Det er ikkje noko som tilseier at dei gunstige naturtilhøva sluttar nord for Lindegjeli, dvs. i tiltaksområdet. Vi viser m.a. til at det er funne fleire raudlista artar også i dei to næraste naturtypelokalitetane nord for tiltaksområdet. Det er difor synd at tiltaksområdet ikkje er tilfredsstillande undersøkt, for fleire av dei raudlista karplantane i nærleiken er iaugefallande artar som ville ha vore relativt lette å påvise dersom arbeidet hadde blitt gjort på eigna tidspunkt. Men det er ikkje berre tidspunktet som har sett avgrensingar for miljøundersøkinga; i rapporten står det såleis at det ikkje var tid til å kartlegge og avgrense dei ulike skogtypane i området. Det går likevel fram av rapporten at det er mykje eldre og gammal skog (ikkje nærare definert) i tiltaksområdet, med ståande og liggande daude tre som bør gje gode livsvilkår for trebuande sopp og lav. Potensialet for å finne sjeldne og raudlista artar er også vurdert. I del 5.5 står det at «*i det gamle kulturlandskapet og i ulike skogavsnitt er det et middels potensial for rødlistede arter, for eksempel lav, sopp og virvelløse dyr*», mens gammal skog vert vurdert til å ha «*et middels potensial for rødlistede lav*» og et «*noe lavere, middels stort*» potensial for mosar og sopp. Ut frå dette kan det sjå ut til at forfattarane ikkje har sett seg godt nok inn i føreliggande data, nærare bestemt skildringa av dei nærliggande naturtypelokalitetane (særleg BN00016500 Kinsedal S), som etter vårt syn tilseier at potensialet for dei nemnde artsgruppene er høgt.

Fossefall (Bern liste II) og andre vasstilknytte fugleartar som strandsnipe (NT) vil verte negativt påverka av utbygginga, men førekomst av desse er ukjent. Vandringshinder for anadrom fisk, og truleg også for ål, ligg nær utlaupet i fjorden.

Kinsedalselvi er lite synleg i landskapet, men det nedste strie stryket ved utlaupet er synleg frå fjorden. Eit kraftverksavlaup bør difor flyttast litt opp frå fjorden om det er mogleg. Vidare må det leggjast vekt på estetikk og god terrengtilpassing ved etablering av inntak, røyrgate og kraftstasjon med tilkomstvegar. Den planlagde nedgravne røyrgata vil også synast godt frå fjorden på den nedste tredelen av strekinga, og inngrepa må reduserast så mykje som mogleg. I inntaksområdet er terrenget svært sidebratt, og tilrettelegginga kan medføre relativt store inngrep, som likevel truleg ikkje ert så synlege på avstand.

Turruta frå Dalen til Ingebjørgsfjellet er skildra i boka «Opptur – 267 fotturar i Sogn og Fjordane». Turen startar ovafor inntaket til Kinsedal kraftverk og følgjer vegen opp dalen, og kryssar elva om lag halvegs opp mot Kveken, og held fram i mot Dalastølen og fjellet. Utover kryssinga av elva vert denne turen lite påverka av ei utbygging av Kinsedalselvi.

Kraftverket er planlagt med uvanleg høg slukeevne (292%) og med låg minstevassføring. Planlagt minstevassføring om sommaren er 54% av 5-persentilen, og om vinteren om lag på nivå med alminneleg lågvassføring. Tal døgn med vassføring høgare enn slukeevna vert berre 47 døgn i eit middels vått år, og 10 døgn i eit tørt år. Vassdraget vil dermed i liten grad oppretthalde særleg naturleg dynamikk, og vil ha stabilt låg vassføring det meste av året etter ei utbygging. Slukevna må difor reduserast monaleg til om lag det som er vanleg for småkraftverk (200%) om kraftverket skal realiserast. Minstevassføringa om sommaren er etter vårt syn uansett sett for lågt til å oppretthalde naturmiljø og artsmangfald.

### Konklusjon

Fylkesmannen meiner at det ikkje bør gjevast konsesjon til Kinsedal kraftverk no, på grunn av mangelfullt kunnskapsgrunnlag om naturmiljøet. Det bør gjennomførast ei ny og betre undersøking på eit relevant tidspunkt av naturtypar og artar i og ved tiltaksområdet. Den store rikdomen i vegetasjonen og informasjon i Naturbasen tyder på at potensialet for verdfulle naturtypar og sjeldne artar er større enn det miljørapporten frå NNI konkluderer med. Ei utbygging vil få relativt små konsekvensar for landskap og friluftsliv, føresett at dei utfordrande partia for røyrsgata og vegtilkomst til inntaket kan etablerast med god terrengtilpassing. Likevel gjer manglane ved naturkartlegginga at vi ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gje kunne gje ei fagleg tilråding til søknaden om Kinsedal kraftverk, og vi rår difor frå å gje konsesjon slik saka står no.

### Kveken kraftverk

Kinsedalen er ein frodig V-dal med rik og variert vegetasjon. Det er mykje gamal skog, som har innslag av store eksemplar av både furu, bjørk og osp. Naturmiljøet er den viktigaste allmenne interessa knytt til vassdraget.

Datagrunnlaget i miljøutgreiinga er basert på feltarbeid 17. juni. Dette er eit godt tidspunkt for å kartleggje vegetasjon og hekkefugl. Det er likevel avgrensa kva som kan undersøkast på seks timar, sjølv om tre personar deltok på synfaringa. GPS-sporloggen i figur 10 i miljørapporten viser dessutan at dei har halde seg til vegen opp langs dalen, til dels eit godt stykke unna elvestrengen. Figur 11 viser at elvestrengen ikkje er definert som «fokusområde» for undersøkinga, men at det blei plukka ut tre stasjonar for nærare undersøking, alle i den øvre halvdel av tiltaksområdet. I tillegg er det brukt data frå øvre stasjon under kartlegginga av Kinsedal kraftverk i 2012, men det området vart undersøkt så seint på året som 24. oktober.

Området er openbert overflatisk undersøkt på grunn av avgrensa tid, noko som også er nemnt i rapporten (s. 18) : «*Påvirket elvestrekning i dette prosjektet er 2700 meter lang og det er ikke mulig innen et vanlig feltopplegg for elvekraftverk/småkraftverk (normalt 1 dags feltarbeid) å kartlegge hele influensområdet.*» Dette er truleg årsaka til at det ikkje er avgrensa nye naturtypar, trass i at rapporten nemner førekomstar av stor verdi, særleg skogområde med eldre skog og rik lavflora. Når det gjeld kulturmark er det derimot avgrensa ein lokalitet, sjølv om kulturmarkene generelt berre er vurderte til middels verdi. Vi lurar elles på om den avgrensa lokaliteten i faktaarket på side 75 er feilplassert, både fordi den er plassert inne i ein eksisterande naturtypelokalitet (BN00016499 Dalen), fordi den er gitt verdi C, medan eksisterande lokalitet har verdi B (utan at det er gitt nokon verdivurdering som tilseier nedjustert verdi). I tillegg har faktaarket for den nye lokaliteten eit bilete som viser eit

areal 150 meter nordvest for avgrensinga på kartet. Omtalen av slåttemarkene viser elles at forfattarane ikkje er heilt fortrulege med naturtypen og konseptet med utvalde naturtypar. Slåttemarker med verdi C har ikkje status som utvalt naturtype, og ettersom det er relativt få raudlista artar knytt til slåttemarker, er det først og fremst storleik og tilstand (hevd) som avgjer verdien. Vi ser ingen grunn til å ta til følge påstanden om C-verdi for slåttemarkene i området, med tanke på at desse tidlegare er undersøkte av svært kompetente folk, og fordi omtalen i miljørapporten frå NNI tyder ikkje på at tilstanden for naturtypen er endra i negativ retning. Rapporten nemner elles at det tidlegare er funne ein art, gul narrevokssopp (kat. NT) innanfor influensområdet, i naturbeitemark.

Ifølgje miljørapporten vart det påvist 75 artar av mose og 38 artar av lav. Dette er svært mange artar med tanke på den avgrensa tida som vart brukt, og det lite arealet som faktisk vart undersøkt. Berre ein raudlista art vart funne under kartlegginga (hornstry, raudlistekategori NT), men potensialet for å finne fleire vert vurdert til godt, særleg når det gjeld gammelskogsartar i partiet mellom røygrøfta (vegen) og elva. Dette stemmer godt med dei rike funna som er gjort sørover ved Kinsedal under grundigare undersøkingar, og som er nemnt ovanfor (Kinsedal kraftverk).

Miljøpåverknaden av Kveken kraftverk kan skiljast i tre svært konkrete hovuddelar: Verknadene av redusert vassføring i elva, verknadene av den nedgravne røytraseen langs eksisterande veg, og verknaden av kraftstasjonen med nedgraven røyrgate og utlaupsrøyr. Miljørapporten har lite opplysningar om naturverdiane knytt til elva, då undersøkingane er konsentrerte om mosar samla inn ved tre punkt øvst i tiltaksområdet. Det er funne uvanleg mange moseartar i elvekanten og like utanfor, og potensialet for sjeldne artar er absolutt til stades i dei mest vanskeleg tilgjengelege partia der elva har skore seg lengst ned i terrenget og fukttilhøva er mest stabile. Desse områda kring elva er ikkje undersøkte. Samtidig skildrar rapporten terrenget relativt bra, og det tydar på at det ikkje er svært mange slike gunstige lokalitetar langs det relativt jamne fallet. Røyrgata vil verte lang (2,7 km), men dersom vassvegen i hovudsak vert lagt i grøft langs eksisterande veg, vil inngrepet i verdfulle naturelement verte relativt lite. Størst konflikt er knytt til strekninga der røyret skal gå gjennom slåttemark ved Dalen (utvald naturtype, verdi B).

Fossefall (Bern liste II) og andre vasstilknytte fugleartar som strandsnipe (NT) vil verte negativt påverka av ei utbygging. Inntaket er planlagt nær Vest-Jotunheimen villreinområde, og det må takast omsyn til dette under anleggsarbeidet.

Kinsedalselvi er lite synleg i landskapet, sidan elva renn i ein klar V-dal som også på nokre strekningar er så bratt at det må kallast ei bekkeløft. Eit kraftverksavlaup bør difor flyttast litt opp frå fjorden om det er mogleg. Vidare må det leggjast vekt på estetikk og god terrengtilpassing ved etablering av inntak, røyrgate og kraftstasjon med tilkomstvegar. I kraftstasjonsområdet er terrenget svært sidebratt, og tilrettelegginga kan medføre relativt store inngrep, som likevel truleg ikkje ert så synlege på avstand. Ei utbygging vil føre til eit tap av 0,2 km<sup>2</sup> villmarksprega natur (>5 km frå tyngre tekniske inngrep).

Turruta frå Dalen til Ingebjørgsfjellet er skildra i boka «Opptur – 267 fotturar i Sogn og Fjordane». Turen følgjer vegen opp dalen, og kryssar elva om lag halvegs opp mot Kveken, og held fram i mot Dalastølen og fjellet. Utover kryssinga av elva vert denne turen lite påverka av ei utbygging av Kinsedalselvi.

Kraftverket er planlagt med uvanleg høg slukeevne (278%) og med låg minstevassføring. Planlagt minstevassføring om sommaren er 62% av 5-persentilen, og om vinteren på nivå med alminneleg lågvassføring. Tal døgn med vassføring høgare enn slukeevna vert berre 53 døgn i eit middels vått år, og 12 døgn i eit tørt år. Vassdraget vil dermed i liten grad oppretthalde særleg naturleg dynamikk, og vil ha stabilt låg vassføring det meste av året etter ei utbygging. Slukevna må difor reduserast monaleg, til om lag det som er vanleg for

småkraftverk (200%), om det skal gjevast konsesjon. Minstevassføringa om sommaren er etter vårt syn uansett sett for lågt til å oppretthalde naturmiljø og artsmangfald, og nivået bør aukast til 5-persentilen.

### Konklusjon

Eit Kveken kraftverk vil påverke eit område med uvanleg stort artsmangfald innan mosar og lav. Det er ikkje påvist raudlisteartar, men vi kan ikkje sjå at elvelaupet og elvekanten er godt nok undersøkt. Dette gjeld særleg nedre halvdel av strekninga. Elvelaupet går gjennom eit trangt V-forma terreng, og omsynet til eventuelle fuktkevande og sjeldne artar tilseier at minstevassføringa om sommaren må aukast til minst 5-persentilnivå. Ei utbygging vil etter vår vurdering få små konsekvensar for landskap og friluftsliv, men det bør vurderast om kraftstasjonen kan plasserast i eit anna og mindre bratt område.

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er for svakt til at vi kan gje ei fagleg tilråding til søknaden om Kveken kraftverk, og vi rår difor frå å gje konsesjon slik saka står no.

### Mordøla kraftverk

Mordøla kraftverk er planlagt med inntak nedanfor Mordølefossen, som er den klart viktigaste natur- og landskapskvaliteten knytt til Mordalselvi. Fossen er godt synleg frå rv55, som er nasjonal turistveg og innfartsveg til viktige friluftsområde knytt til Jotunheimen nasjonalpark og Breheimen nasjonalpark. Årleg tal køyretøy langs denne vegen er om lag 100 000, og årleg persontrafikk er meir enn 270 000 personar, og av desse er mange turistar. Fv331 kryssar Mordalselvi nær utlaupet i fjorden, og denne vegen er tilfartsveg ti Urnes stavkyrkje, som er oppført på UNESCOs verdsarvliste. Vidare er Skjolden endestasjon for cruisetrafikken på Lustrafjorden, og fjorden vert nytta til både kajakkpadling og organiserte båtturar.

Det må føresetjast at inntaket til eit kraftverk vert minst mogleg synleg frå fjorden og frå rv55 på andre sida av fjorden, og dermed ikkje vil redusere fosseopplevinga. På grunn av dei store landskapsverdiane må det også leggjast vekt på estetikk og god terrengtilpassing ved etablering av ein kraftstasjon, ein nedre røyrgate opp til tunnellpårhogg, vegtilkomst og riggområde. Ei utbygging vil føre til eit tap av 0,8 km<sup>2</sup> villmarksprega natur (>5 km frå tyngre tekniske inngrep).

Delar av elva vidare nedover dalen er synleg frå fjorden og rv55, men elva dominerer ikkje landskapsopplevinga. Det vil vere viktig at vassføringa etter ei utbygging vert stor nok til at elva framleis vert synleg frå fjorden og riksvegen. Det er positivt at kraftstasjonen er planlagt ovanfor fv331, slik at utlaupet i fjorden også vert synleg i dette landskapet.

Datagrunnlaget i miljøutgreiinga er i hovudsak basert på feltarbeid 28. august 2008. Tidspunktet for kartlegginga var for sein til å få ei fullverdig kartlegging av vegetasjonen, og heilt ueigna til å registrere hekkefugl. For vegetasjonen sin del er dette kompensert med data frå ei kartlegging i området 16. juni 2010, gjort i samband med ei bekkekløftkartlegging i Sogn og Fjordane. Det vart ikkje sett spesielt etter fugl eller andre faunaelement i 2010, og fugl i området er dermed ikkje kartlagt. Om artsmangfaldet står det i rapporten etter bekkekløftundersøkinga at naturvariasjonen og dermed også artsmangfaldet er stort, men at spesielt krevjande artar ikkje vart påviste for nokon av dei undersøkte organismegruppene. Dette kan skuldast at tilhøva «*ikke tilfredsstillende de mest kresne habitatspesialistene*». Her må vi gjere merksam på at bekkekløftundersøkingane hadde skog som utgangspunkt, slik at artar knytt til elva og kantsona der ikkje fekk spesiell merksemd.

Sjølv om området er mangelfullt undersøkt, er føreliggande data frå bekkekløftundersøkinga i 2010 etter vårt syn gode nok til å kunne seie at utbygginga neppe vil få vesentlege følgjer

for vegetasjon og dyreliv utanom elvestrengen og influenssonen for denne. Når det gjeld fugl, vil det største talet artar og individ vere å finne i gammal lauvskog, og den lauvskogslokaliteten som er kartfesta som mest verdifull vil ikkje verte påverka av utbygginga.

Vi har likevel få eller ingen haldepunkt for å vurdere i kva grad sjølve elveløpet er undersøkt med tanke på biologisk mangfald. Det ser ikkje ut til at dette vart gjort i 2008, og truleg heller ikkje i særleg grad ved bekkekløftundersøkinga i 2010. Vurdert ut frå det relativt bratte fallet og det smale elveløpet (som begge bidrar til høgt fuktnivå) er det sannsynleg at potensialet for krevjande og sjeldne artar er godt.

Med inntaksdam under nedste delen av Mordølefossen vil ikkje fossesprøyttsona/fosseenga verte påverka av redusert vassføring. Det må føresetjast at ein inntaksdam ikkje vil demme opp noko areal innanfor fosseenga.

Under feltkartleggingane vart det registrert fleire almetre (NT) på nordsida av elva, men det vart ikkje funne andre raudlisteartar i eller utanfor naturtypelokalitetane. Det ligg ikkje inne registreringer av raudlista artar i dette området i undersøkte databaser. Fossefall (Bern liste II) og andre vasstilknytte fugleartar som strandsnipe (NT) vil verte negativt påverka av utbygginga.

Det er ikkje noko hinder for oppgang av anadrom fisk fra fjorden, men tilhøva for fisk er dårlege på grunn av grovt botnsubstrat, lite vatn i periodar og eit bratt elvelaup. Eit eventuelt potensial for anadrom fisk og ål er avgrensa til den nedste delen av elva, og dette vert oppretthalde med eit kraftverksavlaup på kote 17.

Kraftverket er planlagt med høg slukeevne (243%) og med minstevassføring berre om sommaren, på nivå litt under 5-persentilen. Tal døgn med vassføring høgare enn slukeevna vert berre 47 døgn i eit middels vått år, og 21 døgn i eit tørt år. Vassdraget vil dermed i liten grad oppretthalde særleg naturleg dynamikk, og vil ha stabilt låg vassføring det meste av sommaren og vere tørrlagt om vinteren etter ei eventuell utbygging. For å kunne oppretthalde livsgrunnlag for vasstilknytte artar, må det føresetjast ei minstevassføring om vinteren også, minst på nivå med 5-persentilen eller alminneleg lågvassføring. Minstevassføringa om sommaren må etter vårt syn aukast til 5-persentilnivå.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen vurderer eit Mordøla kraftverk slik det er planlagt til i stor grad å ta omsyn til dei store natur- og landskapskvalitetane knytt til Mordalselvi. Det bør sleppast minstevassføring på nivå med 5-persentilane for sommar og vinter. Det må også føresetjast at inntaket nedanfor Mordølefossen kan etablerast med minst mogleg synlege inngrep i fosselandskapet. Vidare må det føresetjast at ein inntaksdam dam ikkje vil demme opp noko areal innanfor fosseenga nedanfor fossen. På grunn av dei store landskapsverdiane må det leggjast vekt på estetikk og god landskapstilpassing ved etablering av inngrep knytt til kraftstasjonen. Fylkesmannen vil utifrå det som er sagt ovanfor ikkje rå frå at det vert gjeve konsesjon til Mordøla kraftverk.

### **Åselvi kraftverk**

Eit Åselvi kraftverk vil redusere vassføringa i Åsafossen, som er eit svært viktig landskapselement. Fossen er godt synleg frå rv55, som er nasjonal turistveg og innfartsveg til viktige friluftsområde knytt til Jostunheimen nasjonalpark og Breheimen nasjonalpark. Årleg tal køyretøy langs denne vegen er om lag 100 000, og årleg persontrafikk er meir enn



270 000 personar, og av desse er mange turistar. Redusert vassføring ved ei utbygging av fossen vil redusere opplevinga av fossen.

Frå Fortun går det skilta tur til Furåsen, og første del av ruta er felles med den merkte og svært mykje brukte stien og vegen til høgdegarden Fuglesteg. Turruta til Furåsen ligg langt frå Åselvi, så ei utbygging vil ikkje få konsekvensar for turopplevinga. Frå Fuglesteg går det derimot ein godt tilrettelagt og merkt sti (den gamle stølsstien) vidare oppover til Åsastølen, og her er elva godt synleg og gjev eit dels mektig inntrykk med fleire fossar og gjel. Redusert vassføring etter ei utbygging vil redusere opplevinga av vassdraget på denne turen.

Datagrunnlaget i miljøutgreiinga er basert på feltarbeid 25. august og 25. oktober 2009, og ei supplerande fiskeribiologisk undersøking 29. april 2015. Alle desse tidspunkta er anten for seint eller for tidleg til å få ei fullverdig kartlegging av vegetasjonen, og heilt ueigna til å registrere hekkefugl.

Det er registrert fire viktige naturtypar som vil kunne bli påverka av prosjektet. 1) Furås 1: Bekkekløft og bergvegg (no er desse lokalitetane definert som skogsbekkekløft etter nye faktaark frå 2014); verdi viktig - B. 2) Furås 2: Hagemark; verdi viktig - B. 3) Furås 3: Fossesprøytzone; verdi lokalt viktig - C. 4) Vassbakken: Gråor-heggeskog; verdi lokalt viktig - C.

Området vart kartlagt i regnvær, og det var dermed vanskelege tilhøve for å undersøke bekkekløftlokaliteten. Den beskjedne artslista på side 40 i miljørapporten tyder også på at tilhøva under synfaringane elles i området ikkje var gunstige, og at undersøkinga ikkje har vore spesielt grundig. Forfattarane har tatt eit lite atterhald om dette, og i miljørapporten står det at «den baserike berggrunnen og den nordvende eksponeringa av utbyggingsområdet gjer at ein vurderer potensialet for raudlista artar frå fleire artsgrupper, og særleg mosar, å vere til stades innanfor utbyggingsområdet». Om bekkekløfta vil verte påverka i særleg grad, meiner forfattarane likevel er uvisst. Årsaka til dette er at bekkekløfta er nordvendt, og difor vil kunne halde på ei viss luftfukt sjølv om vassføringa skulle verte mindre. Dei to naturtypelokalitetane med verdi C vil truleg verte sterkt negativt påverka (fossesprøytsona) og negativt påverka (gråor-heggeskogen).

Det er ikkje registrert raudlistearter i sjølve utbyggingsområdet, men det er registrert langnål (NT) og piggtrollskjegg (VU) i nærleiken. Seterhusmose, dverglommose og skogflak er heller ikkje av dei vanlegaste artane i Sogn og Fjordane, og sumpsaftmose og trådhutremose er generelt ganske sjeldne mosar (Artsdatabankens Artskart og Norsk Bryologi Database). Funn av spindelose og berghinnemose viser at berggrunnen, i alle fall stadvis, er kalkrik.

Fossefall (Bern liste II) og andre vasstilknytte fugleartar som strandsnipe (NT) vil verte negativt påverka av utbygginga. Inntaket er planlagt nær Vest-Jotunheimen villreinområde, og det må takast omsyn til dette under anleggsarbeidet.

Nedre del av Åselvi er gyte- og oppvekstelv for sjøaure og laks, og det kan truleg også vere ål på denne strekninga. I følgje miljøutgreiinga ligg den beste gyttestrekninga nedanfor den planlagde kraftstasjonen, men det er innslag av gytesubstrat heilt opp til absolutt vandringshinder, og truleg kan sjøaure stadvis gyte her, i alle fall sporadisk. Kraftstasjonen er planlagt etablert litt nedanfor vandringshinderet for anadrom fisk. Dersom det vert gjeve konsesjon bør kraftstasjonsavlaupet flyttast til vandringshinderet om det er praktisk mogleg, for å unngå skade på produksjonen av anadrom fisk. Vidare må det vurderast om det kan vere nødvendig med tiltak for å unngå at utfall i ein kraftstasjon får konsekvensar for fisk, og det må sikrast at avlaupsvatnet ikkje vert gassovermetta.

Kraftverket er planlagt med vassveg i tunnel på store delar av strekninga, men det vert nedgraven røyrgate på dei nedste om lag 170 m frå tunnelen og ned til kraftstasjonen. Ein kraftstasjon vil verte synleg frå riksvegen, og ei røyrgate fram til kraftstasjonen vil utgjere eit stort inngrep i den mektige ura bakanfor inn mot fossen. Ei utbygging vil medføre eit lite tap av inngrepsfri natur (INON).

Kraftverket er planlagt med slukevene på nivå med det som har vore vanleg for mange nyare småkraftutbyggingar (200%). Det er planlagt minstevassføring på nivå med 5-persentilane for sommar og vinter. Tal døgn med vassføring høgare enn slukeevna vert 64 døgn i eit middels vått år, og 20 døgn i eit tørt år. Vassdraget vil dermed og ha stabil vassføring på minstevassføringsnivå det meste av året etter ei eventuell utbygging, og berre i nokon grad oppretthalde særleg naturleg dynamikk.

Fylkesmannen har registrert at Luster kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for bygging av Åselvi kraftverk.

### **Konklusjon**

Eit Åselvi kraftverk vil redusere vassføringa i Åsafossen, som er ein høg foss og eit svært viktig landskapselement. Dette vil påverke ein nasjonal turistveg og ein viktig innfartsveg til ein nasjonalpark og viktige friluftsområde. Ei utbygging vil også påverke viktige naturtypar, og friluftsverdiar knytt til ein tursti langs elva. For å avbøte skade på naturmiljø og landskap er utbygginga planlagt med vassveg i tunnel på store delar av strekninga. Vassutnyttinga er på nivå med det som er vanleg for småkraftverk, men minstevassføringa er for låg til å oppretthalde fossen som eit viktig landskapselement. Etter vår vurdering er det så store verdiar knytt til den planlagt utbygde strekninga, at det sjølv med dei tilpassingane som ligg inne i søknaden, ikkje vil kunne avbøte skadane for dei allmenne interessene.

Fylkesmannen rår sterkt frå at det vert gjeve konsesjon til Åselvi kraftverk.

### **Rydøla kraftverk**

Ei utbygging vil redusere vassføringa i Ryefossen, som er eit viktig landskapselement og nr 251 på lista over dei høgste fossane i [World waterfall database](#). Fossen står oppført med 335 m totalt fall, og ein stor del er fritt fall. Ryefossen er godt synleg frå fv604, som er innfartsveg til viktige friluftsområde knytt til Jostedalsbreen nasjonalpark og Nigardsbreen, og til Breheimsenteret i Jostedalen. Det er likevel ikkje opparbeidd parkering her som gjer det mogleg for turistane å oppleve Ryefossen, sjølv om det vert meldt at mange turistar stoppar. Årleg reiser meir enn 50 000 turistar opp gjennom dalen (tal selde billetter for bomvegen inn mot Nigardsbreen tilseier meir enn 50 000 turistar berre hit), og talet er forventa å auke som følgje av at det er etablert cruisekai i Skjolden. Redusert vassføring ved ei utbygging av fossen vil redusere opplevinga av fossen.

For friluftslivet og reiselivet er det i hovudsak opplevinga av fossen nede frå dalen som vert råka av ei utbygging. Ryefossen har truleg eit uutnytta potensial i reiselivet. Det er ikkje tilrettelagt for parkering og oppleving av fossen langs fylkesvegen, men det er kjent at mange bilturistar stoppar for fotografere og beundre fossen. Vidare er Ryefossen ein av dei mest brukte til isklattring i Jostedalen, og ved ei utbygging kan det berre klatrast når kraftverket ikkje er i drift. Det er ikkje spesielt viktige turruter knytt til Rydøla, men det går ein merkt tursti frå Engjadalen til Rydalen som vert mest brukt av lokalbefolkninga. Denne turen er skildra i boka «Opptur Sogn og Fjordane».

Datagrunnlaget i miljøutgreiinga er basert på feltarbeid 27. august 2008. Tidspunktet var for seint til å få ei fullverdig kartlegging av vegetasjonen, og heilt ueigna til å registrere

hekkefugl. Feltkartlegginga hadde fokus på naturtypar, karplantar, mosar og lav, og i tillegg landskap, friluftsliv/brukerinteresser og kulturmiljø, så det var vanskeleg å få tilfredsstillande dekking med ein feltdag.

Trass i avgrensa tid i felt, er det påvist og skildra fleire viktige naturtypar i området. Dei som vert direkte påverka av ei eventuell utbygging av Rydøla ser ut til å vere fossesprøytsone ved Ryefossen (verdivurdering C) og gråor-heggeskogen i overgangen frå Rydøla til Jostedøla (verdivurdering B). Ut frå skildringane i miljørapporten ser det ut til at gråor-heggeskogen både er den mest verdifulle og den som er mest utsett for negativ påverknad. Det siste er likevel litt uklart, ettersom det på side 30 står at *«tiltaket vil medføre noe hogst i gråor-heggeskogen i nedre del av Rydøla i forbindelse med nedgraving av rørgate og bygging av kraftstasjon»*, mens det under konsekvensvurderinga på side 31 *«forutsettes at utbyggingen ikke medfører direkte inngrep innenfor gråor-almeskog og rik edelløvskog langs Rydøla»*. Ved ei utbygging må det føresetjast at naturtypelokalitetane i området vert sikra så langt som råd mot graving og anna teknisk tilrettelegging.

Miljørapporten gjev ei grei framstilling av potensialet for raudlista artar i området, sjølv om dei avgrensa undersøkingane gjer at det er gjort få funn. Dei delane av fossesprøytsone ved Rydalsfossen *«som ikkje var tilgjengelig for inventering»* er nemnt spesielt med tanke på potensial for sjeldne og trua artar.

Når det gjeld fuglar, vil vi peike på at hekkelokaliteten for kongeørn (Bern liste II) ligg berre vel 300 m frå staden der nedre rørgate skal gå over i tunnel. Det må reknast med at hekkeplassen vil verte sterkt negativt påverka av byggjeaktivitet. Det er rett at hekkeplassen ikkje har vorte undersøkt i nyare tid, men kongeørn er svært stadtru og bruker dei tradisjonelle hekkeplassane gjennom fleire generasjonar. Ettersom kongeørnbstanden held seg relativt stabil i Sogn og Fjordane, ser vi dermed ikkje noko presserande behov for å undersøke om hekkeplassen er i bruk for tida. Ved ei eventuell utbygging bør det setjast krav om at anleggsarbeid i området ikkje skal skje tidlegare enn 1. juli. Dette vil også bøte på negative verknader for eventuelt hekkande hubro. Det kjente hekkeområdet for hubro ved Alsmo blei sjekka av Fylkesmannen gjennom lydopptak i perioden 24.-29. mars 2015, utan at det vart påvist aktivitet. Det gjekk derimot fram at hekkeområdet har vore utsett for fleire uheldige tiltak (kraftleidning, vegbygging m.m.) som gjer at det truleg har gått ut av bruk. Hekkebestanden av hubro i Sogn og Fjordane er no så låg at det er høgst uvisst om arten hekkar i Jostedalen i det heile, men det kan heller ikkje utelukkast at hekkeplassen ved Alsmo er erstatta av ein som ligg nærare Rydalen. Fordi arten er sårbar bør føre-var-prinsippet nyttast, slik at anleggsarbeid må unngåast i hekketida. Vidare vil fossefall (Bern liste II) og andre vasstilknytte fugleartar som strandsnipe (NT) vil verte negativt påverka av ei utbygging.

Rydøla har ei 100 m lang anadrom strekning frå samløpet med Jostedøla. Det er påvist vaksen sjøaure i elva, men ikkje ungfisk. Elva er stri og har få moglege gyteplassar, men kan likevel nyttast til beitevandring i klarare og varmare vatn enn i hovudelva. Ei utbygging vil få ein liten negativ konsekvens for anadrom fisk. Når det gjeld utlegging av kabel i elvebotnen, må det føresetjast at dette vert gjort utan skade bestandane av sjøaure og laks.

Kraftverket er planlagt med vassveg i tunnel på store delar av strekkinga, men det vert nedgraven rørgate øvst oppe og 140 m frå tunnelen og ned til kraftstasjonen. Ein kraftstasjon og rørgate frå tunnelmunningen vil verte godt synlege frå fylkesvegen. Inngrepa kan truleg dempast noko ved god terrengtilpassing og etter kvart av ny vegetasjon. Dei to inntaka skal ifølgje søknaden ligge skjerna for innsyn frå Rydalsstølen, men nærleiken til desse tekniske inngrepa vil til ein viss grad redusere verdien til stølsmiljøet og for friluftslivet. På grunn av ein landbruksveg som er under bygging, vil ei utbygging i seg sjølv ikkje få innverknad på inngrepsfri natur (INON).

Kraftverket er planlagt med høg slukeevne (251%). Planlagt minstevassføring er 3,6\*5-persentilen for sommarperioden i den viktigaste delen av sesongen (1. juni – 31. august), og fire gonger 5-persentilen for vinterperioden. Det er ikkje planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaket i Viergrovi. Tal døgn med vassføring høgare enn slukeevna vert 60 døgn i eit middels vått år, og 15 døgn i eit tørt år. Vassdraget vil dermed og ha stabil vassføring på minstevassføringsnivå det meste av året etter ei eventuell utbygging, og i liten grad oppretthalde naturleg dynamikk.

### **Konklusjon**

Eit Rydøla kraftverk vil redusere vassføringa i Ryefossen, som er ein høg foss og eit viktig landskapselement. Dette vil påverke ein viktig innfartsveg til to nasjonalparker og viktige turist- og friluftsområde. Ei utbygging vil også påverke viktige naturtypar. For å avbøte skade på naturmiljø og landskap er utbygginga planlagt med vassveg i tunnel og større minstevassføring i den viktigaste sommarperioden enn det som har vore vanleg for mange småkraftutbyggingar. Vassutnyttinga vert likevel for høg på grunn av stor slukeevne. Etter vår vurdering er det så store verdiar knytt til fossen, at sjølv med dei tilpassingane som ligg inne i søknaden, vil ikkje dette avbøte skadane for dei allmenne interessene.

Fylkesmannen rår sterkt frå at det vert gjeve konsesjon til Rydøla kraftverk.

### **Ureining, vasskvalitet og støy**

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Alle dei vurderte elvestrekningane er per no sett i «god tilstand», og er ikkje i risiko for ikkje å nå miljømåla innan 2021.

Når det gjeld anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsléppsløyve (anleggskonsesjon).

Fylkesmannen er også generell styresmakt for støyutslepp frå industri med meir, og kan setje nærare krav etter ureiningslova til støy. Det må leggjast vekt på støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen. Behovet for dette vil avhenge av nærleiken til næraste bustad, hytte eller næringsbygg. Støynivået må halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», jf. punkt 3.1 «Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse» og punkt 3.3 «Retningslinjer ved etablering av ny støyende virksomhet».

### **Beredskapsfagleg vurdering**

Utbyggingane vil gjere det nødvendig med forsterking av både linjenettet og trafostasjon(ar), for å ha kapasitet til å ta i mot ny kraftproduksjon. I søknaden for Kveken kraftverk vert det hevda at ei utbygging av kraftverket vil bidra til å sikre straumforsyninga til bygda, fordi Luster energiverk elles vurderer å sanere ei eksisterande linje.

Det ser ikkje ut til å vere konflikhtar mellom kraftutbygging og forsyning av drikkevatt, med unntak av Mordøla kraftverk, der to hytter som ligg ved utlaupet har drikkevassforsyning frå elva. Vi vil tilrå at det det vert sett krav om tilstrekkeleg dokumentasjon på at utbygginga der ikkje vil føre til problem for drikkevassforsyninga, før det vert gitt konsesjon.

Ein del av dei aktuelle utbyggingane vil skje i område som kan vere utsett for skredfare. Utbyggingane vil generelt kunne bidra til redusere faren for mindre flaumar. Anlegga vil ha avgrensa slukeevne, og dei vil difor i liten grad redusere faren for store skadeflaumar. I søknaden for Rydøla kraftverk vert det opplyst at elva kan verte stor ved flaum, særleg i den siste delen. Det kan difor vere nødvendig å sikre området rundt stasjonen og rørgata, eventuelt flytte stasjonen lengre vekk frå elva. Vi legg til grunn at det i behandlinga av konsesjonssøknadane vert lagt vekt på å plassere tekniske installasjonar slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

### **Landbruksfagleg vurdering**

Etter det vi kan sjå vil ingen av dei planlagde småkraftverka føre til store eller varige ulemper for landbruket. Dette er også konklusjonen i konsekvensutgreiinga for dei enkelte prosjekta. Utbyggingane vil i hovudsak råke utmarksareal, der landbruksinteressene først og fremst er knytt til husdyrbeiting og skog. For landbruket vil fordelane med ei kraftutbygging i dei fleste tilfella vere større enn ulempene, då kraftproduksjonen også kan medverke til å styrke næringsgrunnlaget på landbrukseigedomane. Dette kan også vere viktig for å sikre busetjinga i bygdene i kommunen.

Lågare vassføring i elva etter ei kraftutbygging kan redusere vassdraget sin funksjon som gjerde, og føre til at beitedyr kryssar elva når vasstanden er låg. Vi rår difor til å vurdere avbøtande tiltak, t.d. gjerde langs vassdraget, der dette er nødvendig. I dei tilfelle vatn frå elva vert nytta til jordbruksvatning, ber vi om at ein sikrar tilstrekkeleg restvassføring til å ivareta desse interessene. Dette gjeld mellom anna ved ei utbygging i Mordøla. I den grad tiltaket krev at det vert etablert anleggsveg/ vegtilkomst fram til inntak/kraftstasjon mv., rår vi til å leggje vegtraseen slik at han også får nytteverdi til jord- og skogbruksføremål. Her merkar vi oss at overskotsmassar frå profilboring i Åselvi kraftverk, kan vere aktuelt å bruke som toppdekke på grusvegar, noko som kan vere positivt for landbruket.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Luster kommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Miljødirektoratet